
Fra: Turøy, Tor G. <fmhotgt@fylkesmannen.no>
Sendt: 19. mai 2016 14:06
Til: Postmottak Lindås
Emne: Vedrørende statleg tilskot til barneverntenesta
Vedlegg: GetDoc.aspx.pdf

Til Lindås kommune

Eg viser til Fylkesmannens tildelingsbrev av 21. mai 2015, sjå vedlegget. Vidare viser eg til vår e-post 19. april 2016 vedrørende rekneskapen for det statlege tilskotet i 2015.

Eg kan ikkje sjå at vi har fått svar på vårt e-post 19. april eller har mottatt revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotet for 2015. Eg vil difor minne om dette. Når vi har mottatt revisorattestert rekneskap vil vi kunne tildele tilsvarende tilskot for 2016. For ordens skuld minner eg om at tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer arbeidsgjevaravgift samt pensjonsdel, feriepengar og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter eller godtgjering for bruk av eigen bil.

Vi ber om snarleg tilbakemelding. Ver gild og merk tilbakemeldinga med vårt referansenummer for tilskotsordninga i år: 2016/5017.

Med venleg helsing
Tor G. Turøy
seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Hordaland
Helse- og sosialavdelinga
Telefon 55 57 22 22